

**Fra:** Kjartan Sandnes <ksand42@gmail.com>

**Sendt:** 25.09.2023 10:18:30

**Til:** Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>

**Emne:** Søknad om forskottering - Solheim grendahus

---

**Til Masfjorden kommune ved Rådmannen:**

Viser til kontakt om mogleg forskottering i samband med manglande tildeling av spelemidlar.

Søknad om spelemidlar frå fylket er godkjend, men grunna for lite statlege midlar til disposisjon både i 2022 og 2023 har vi ikkje enno fått tilsegn. Saka gjeld naudsynt vedlikehald og oppgraderingar knytt til deler av Grendahuset - i hovudsak inngangsparti, toalettfacilitetar og kjøkken. Grendahuset er no 55 år gammalt og treng sårt desse oppdateringane, men herunder også nokre naudsynte reparasjonar knytt til råteskader og tette avlaup (irreversible).

Kommunen har all dokumentasjon (søknaden til fylket med vedlegg) og har anbefalt søknaden ovanfor fylket vedrørende denne saka. Grendahuset stiller med eigenandel etter reglane for spelemidlar på kr. 360.000,- og søkjer om ekstern støtte utover dette på kr. 208.000,- for å få gjennomført det naudsynte arbeidet i samsvar med søknaden til Vestland fylke.

Vi fekk kalkulert kostnadene (vedlagt opprinneleg søknad) då vi søkte fyrste gong, og no nyleg har vi fått oppdaterte prisar frå to eksterne bygningsfirma. Vi ser at vi vil klara å halda opprinneleg budsjett, og vi har peika ut den aktøren vi vil gå for. Dette har vi meld muntleg, men har ikkje våga å kontraktfesta skriftleg.

Vi har registrert at Masfjorden kommune har gjeve forskot knytt til spelemiddelsøknader i andre høve, og søkjer med dette om om lik handsaming og forskottering av kr. 208.000,- knytt til spelemiddelsøknaden frå Solheim grendahus som kommunen er vel kjend med og som er godkjend og som vil liggja inne i fylket vidare inntil den blir prioritert.

Vi vonar på positivt svar på denne søknaden, og står til rådvelde for utfyllande spørsmål som Masfjorden kommune måtte ha.

Med venleg helsing

Kjartan Sandnes  
styreleiar Solheim grendahus